

Rundt 50 på Bondelaget si jonsokfeiring!

23.06.2012



Grillkos og god stemning med bålet i bakgrunnen.

For andre året på rad arrangerte det aktive Bondelaget i Uskedalen jonsokfeiring ved elva på Myklebust. Også i år var frammøtet godt, og det trass i at både skyer og vervasring truga med regn!

Då eg var innom tidleg på kvelden var dei første 30 alt på plass. Dei var i gang med grilling, og det var retteleg koseleg stemning i elvekanten. Både unge og eldre hadde nok fått den rette midtsommarstemninga!

Etter at maten var fortært, var det tid for ymse småleikar, og fotballkamp på bakkane. Der var det full fart!!

Medan aktivitetane føregjekk seig det på godt med folk, og då det var klart for båltenning klokka ti, var det rundt 50 personar samla der. Bålet lyste vakkert opp ved elvekanten!! Det var skikkeleg jonsokstemning, og den driftige bondelagsgjengen kunne notera ein ny sukses.

Bondelagsleiaren hadde og lova det største bålet i bygda, men der er eg redd dei tapte kampen mot gjengen ved Fjellandsbøvatnet. Suksessen var likevel eit faktum, og bondelaget steller nok heilt sikkert til feiring neste år og. Og konkuransen om det største bålet held sikkert fram.



Bålet lyte flott opp i
midtsommarskvelden!

Av: Thor Inge Døssland



Då bålet vart tent, var det mykje folk!